

Handlingskjede ved bekymringsfullt skulefråvær

- ✓ Dersom ein elev har vore vekke 25 % av skuletida siste 2 veker, hatt store vanskar med å møte opp på skulen i minst to veker, og har hatt meir enn 10 dagar (eller 15%) fråvær i ein 15 vekersperiode i eit skuleår. [Udir, 2025](#). NB! Er du uroa, utan at fråvægrsensene er nådd, må du sette i gang tiltak før!

0 Nivå 0

Undring / uro

- Kontaktlærer skal ringe heim ved første uro. Informer føresette om fråværet og vidare arbeid: Kartleggingar, trafikklysmodeill og ped.rapport.
- Start registrering av skulesituasjonen ved hjelp av trafikklysmodeillen.
- Start pedagogisk rapport.
- Informer rektor og evt kontaktperson ved skulen.

Kontaktlærer, rektor og evt kontaktperson lagar ein plan for arbeidet/kartlegging:

- **Samtale med elev.** Mal: «Samtale med elev».
- **Kartlegging av skulesituasjon.** Alle som arbeider med eleven skal vere med å kartlegge. Mal: «Skulen si kartlegging». Hald fram med føring av fråvær i trafikklysmodeillen.
- **Samtale med føresette.** Mal: «Samtale med føresette». I utgangspunktet er det kontaktlærer som gjennomfører samtalen fysisk på skulen. Om det er meir hensiktsmessig at andre enn kontaktlærer gjennomfører samtalen, står skulen fritt til å velje kven.

1 Nivå 1

Bekymring

- Kontaktlærer kallar inn til møte med elev, føresette og evt kontaktperson. Om eleven ikkje deltek skal det gjennomførast samtale med elev i forkant og etterkant. Den som har best relasjon til eleven tek samtalen. Skulen er stafethaldar.

Første møte, 2 veker frå første kontakt:

- Jobbe for eit godt samarbeidsklima. Etablere laget rundt eleven.
- Resultat av dei **tre** ulike kartleggingane skal leggst fram i møte. Ein må jobbe for å få ei felles forståing for årsakane til det bekymringsfulle fråværet.
- Avklar forventningar til kvarandre. Kven gjer kva og når.
- Lag ein **individuell oppfølgingsplan** som tek utgangspunkt i kartleggingane. Informer rektor.
- Vurder helseavklaringsamtale.
- Få samtykke frå føresette til samarbeid med PPT og skulehelsetenesta om situasjonen, *e-skjema*.

Andre møte, 4 veker etter individuell plan er laga:

Her deltek elev (om mogleg), føresette, kontaktlærer og evt. kontaktperson. Evaluer individuell oppfølgingsplan.

Dersom ein ser at tiltaka har effekt, hald fram på nivå 1.

Dersom fråværet framleis er bekymringsfullt og tiltaka ikkje har effekt, gå til nivå 2. Avtal vegen vidare, og kva for hjelpetenester det er behov for. Informer rektor.

2 Nivå 2

Tverrfagleg samarbeid

Første møte med hjelpeteneste

- Utarbeid nye mål og tiltak i individuell oppfølgingsplan. Set ei forventingsavklaring. PPT skal inn dersom eleven ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæring.

Andre møte, tre veker etter første møte:

- Evaluer tiltak i planen og avklar vegen vidare. Er det behov for å søkje råd hos fleire hjelpetenester? Tilmeld.

3 Nivå 3

Komplekst samarbeid med fleire tenester

- Opprett tverrfagleg team når eksterne instansar har starta arbeidet. Kva kan ulike instansar bidra med? Avklar.
- Lag nye mål og tiltak i oppfølgingsplan. Forventningsavklaring og jamlege møte.
- Oppretthalde god kontakt med elev og heim.
- Evaluering etter 3 veker.
- Tverrfagleg team vert oppretthaldt til eleven ikkje lenger har bekymringsfullt fråvær.

